

Kunnskapsdepartementet

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 dep
0032 Oslo
postmottak@kd.dep.no

Gaupne 24 april 2012

Til Barns beste – Høyring av ny lovgiving for barnehagane.

Arbeidet med ny barnehagelov er godt og det er viktig med fokus på å sikre likeverd, høg kvalitet og eit tilbod til barnas beste. Signalet om auka pedagogtettleiken er bra. Auka krav til fleire forskulelærarar meinar me er eit sentralt tema for å auka kvaliteten og fremje barns medverknad.

Me ynskjer likevel å kommentera nokon av punkta i NOU'en.

§ 26 Lokal barnehagemyndighets ansvar og oppgaver.

Me trur at kommunen kan kome opp i utfordring med dobbeltrolla og kravet om likebehandling i forhold til godkjennings- og tilsynsmoglegheit både for eigne og private barnehagar. Denne dobbeltrolla understreka at det er viktig at ein oppretta uavhengige tilsyn og sterke føringar frå staten.

§31 Styrar

Dagens regelverk gir kommunane adgang til å innvilga varig dispensasjon frå utdanningskravet for styrar og pedagogisk leiar. Me er opptekne av at det skal bli fleire pedagogar i barnehagane/full dekning. Me tenker at i nokre tilfeller kan ein innvilga dispensasjon men kun i korte periodar og ikkje varig. Me vil derfor avskaffa varig dispensasjon.

§32 Barnehagens grunnbemanning.

For å sikra lova sine bestemmelser om barnehagen sitt samfunnsmandat er bemanning og kompetanse det viktigaste. Auka pedagogtettleik er viktig for å kunne auka kunnskapen. Forslaget om å innføre auka pedagogtettleiken i form av 25% barne og ungdomsarbeidarar er positivt og vil bidra til å auka kvaliteten. Det er enda viktigare å auke antal forskulelærarar i barnehagen.

Fleire må lokkast til å ta denne utdanninga og til å jobbe i barnehage. Menn og dei med gode karakterar vel ofte andre yrkesvegar pga dårlig lønnsnivå. Men

tanke på at dette er ein leiarutdanning er lønna og statusen altfor låg. Utan auke i lønna trur me det blir vanskeleg å rekruttera alle forskulelærarane ein manglar i dagens barnehagar.

Utan fleire forskulelærarar trur me ikkje ein vil klara å auka kvaliteten slik ein ynskjer.

I tillegg er det viktig med kompetansekrav/utdanningskrav til assistentar i forhald til at det no er meir samansatte barnegrupper og større mangfald i norske barnehagar.

Me seier oss og einig i andre ledd der bestemmelsen for bemanning skiller mellom barn over og under 3 år. Barn definerast som 3 åring der halvåret dei fyller 3 år.

§ 35 Politiattest

Me er positive til at kravet om politiattest vil bli utvida til å gjelde grove volds-, rans og narkotikabot.

Me saknar:

- ◆ Me vil gjerne at ein definerar betre skille mellom ordbruken kring ansatte, pedagog, forskulelærar og pedagogisk leiar. I tillegg saknar me omtale kring styrarassistent. I dag er det mange store barnehagar der ein har styrarassistentar.
- ◆ Me saknar og ny lovgivning ang rett til barnehageplass. Det at det er lovbestemt at barn fødd før 31.august har rett til plass men ikkje dei etter 1.sept fører til store utfordringar for dei som får barn etter 1. september. I forhald til at me er i utdanningsløpet bør me følgje same reglane som skulen. Det er ingen barn som ikkje får plass i skulen dersom dei er født etter 1 september eller flyttar til ny plass. Det er lite fleksibelt.

Fleire av dei nye vedtaka i NOU vil føra til økonomiske konsekvensar. Dersom Nou blir vedtatt må det følgje midlar med for å få auke kvaliteten og gjennomføra lova.

Gunnhild Holen

Nina Hauge Sørensen

Styrar Gaupne barnehage

Assisterande styrar Gaupne
barnehage